Under husleiestreiken i 1975 ble det gjort mange feil i forhold til dette prinsippet. I stedet for at den store massen av streikende ble aktivisert, ble streiken drevet av en liten kjerne aktivister. Disse hadde også for dårlig kjennskap til hva de streikende mente.

Dette var en svært viktig feil, og den leder oss rett over til okkupasjonen på Sogn.

OKKUPASJONEN PÅ SOGN

Etter sommerferien fikk de streikende ikke utovert nøkler til leilighetene sine, trass i at Studenttinget hadde vedtatt at det ikke skulle gjennomføres represalier mot de streikende.

De streikende stilte kravet: «Nøkler til alle!». For å sette makt bak dette kravet, okkuperte de resepsjonen på Sogn. Kravet «Nøkler til alle» var rettferdig,

og en aksjon skulle vært gjennomført. Men NKS har oppsummert at selve aksjonen var feilaktig slik som situasjonen var.

En slik aksjon må vurderes etter hvilke resultater den fører til både kortsiktig og langsiktig. En aksjon kan godt lide et kortsiktig nederlag, men likevel være

Ut fra slike vurderinger vil NKS slå fast at det var politisk feilaktig å sette i gang okkupasjonen på Sogn.

POLITISK FEILAKTIG

Vi mener de helhetlige virkningene av aksjonen var negative, og at dette med stor sik-

riktig og bety langsiktig vinning, i den forstand at den styrker kamplinja, utvikler folk politisk og avslører klassefienden.

Eksempler på slike aksjoner er Hamnerverkarbeidernes aksjon, streiken på Linjegods og streiken ved Norsk Champignon.

For å besvare spørsmålet om det var riktig eller feilaktig å sette i gang okkupasjonen, må vi derfor reise slike spørsmål som:

— styrka eller svekka okkupasjonen kamplinja blant studentene og ei riktig linje i interessekampen?

— styrka eller svekka okkupasjonen mulighetene for nye husleiestreiker?

— sveisa okkupasjonen sammen eller splitta den de som sto for ei kamplinje fra flertallet av de streikende og progressive studenter?

— styrka eller svekka den fienden av studentenes kamp?

kerhet kunne vært fastslått på forhånd, dersom det hadde blitt foretatt nøkterne og vitenskapelige vurderinger.

En okkupasjon er en avansert og krevende kampform. Den krever grundige diskusjoner og forberedelser på forhånd og stor oppslutning for å lykkes.

Slike forberedelser var ikke foretatt, og okkupasjonen kom i en periode da en god del av de streikende allerede hadde gitt etter for presset fra Samskipnaden.

Okkupasjonen ramma dessuten alle studenter som skulle flytte inn på Sogn, enten de streika eller ikke. Den gav derfor borgerskapet et godt grunnlag for å splitte studentene fra hverandre.

Konklusjonen må bli at aksjonen var et brudd på masselinja og bidro til å isolere de streikende heller enn å øke oppslutninga deres.

Sogn-okkupasjonen var en eventyrpolitisk aksjon uten brei massebasis, og skada derfor streikekampen.

Rett før jul hadde »Universitas» eit intervju om tre verden-teorien med formannen i »Sosialistisk» Ungdom, Erik Solheim. Dette intervjuet er typisk for korleis revisjonistane fyrst vrengrer teorien til det ukjennelige — og dinest gjer seg ut for å kome med »anti-imperialistisk» kritikk av han.

Denne artikkelen syner korleis Solheim medvitent forfalskar teorien om tre verdener med omsyn på analysa av den 3.verden. Andre punkt vil vi kome tilbake til seinare.



Erik Solheim, ny leder i SU.

Trass i kva revisjonistane seier: TREDJE VERDA HOVUDKRAFTAI KAMPEN MOT IMPERIALISMEN

STORE GERILJAPARTIER FOR TRE VERDEN-TEORIEN.

Solheim startar bombastisk: »Jeg vil først slå fast at dette er en rein kinesisk teori. Den deles ikke av noe annet land, ikke av noen betydelig frigjøringsbevegelse og ikke av noen partier av betydning.»

Mykje kunne vore sagt, men vi trur ikkje Solheim kan vere heilt utan kjennskap til at det har gått føre seg store folkekriger i årevis i land som Thailand, Burma, Malaysia, Indonesia, Filipinene. Så veit han vel og at det er store frigjøringsrørslar der, leda av parti som stend på teorien om tre verder.

Solheim held fram på spørsmål fra intervjuaren om kva han meiner om å vurdere 3. verden som »hovedkrafta i kampen mot imperialismen»: »Det er to grove og alvorlige feil ved en slik analyse. Det skilles for det første ikke mellom landa. Det er så langt fra noen ensartet blokk. For det andre bidrar teorien til å tilsøre klasse-motsetningene i det store flertallet av 3.verden-land.»

Har partia som er nemd over t.d. viska ut klasseskilla i dei landa dei driv væpna kamp — og ser dei ikkje at det er skilnad på landa i den tredje verda?

BURMAS KOMMUNISTISKE PARTI SOM DØME.

Dette partiet har i nesten 30 år stått i leiinga for folkekrigen mot britisk, japansk, amerikansk imperialism og reaksjonen i sitt eige land. 3400kvadratkilometer, tre tusen byar og 575 000 innbyggjarar er frigjerte. Partiet seier: »Gjennom inndeling i tre verdener synte formann Mao Tsetung kven som i dei internasjonale klassestridene i

dag, er dei fremste revolusjonære kreftene, kven som er hovudfiendane og kven som er mellomkreftene som kan vinnast over og som det går å eine seg med. Dette gjer det mogleg for det internasjonale proletariatet å eine seg i den verdsomspennende klassekampen mot hovudfiendane (USA og Sovjet) og for å eine allei så brei einskapsfront som mogleg. det er den riktige strategiske formelen for verdsproletariatet i den noverande perioden og klassens line i den internasjonale kampen.»

VISKE UT SKILNADENE MELLOM LANDA I DEN 3. VERDA?

Om den 3. verda seier Burma sitt kommunistparti: »Det finst ingen einskap i dei, politiske, økonomiske og sosiale systema i den 3. verda. Det er ekte sosialistiske land og land som gjer seg ut for å vere sosialistiske. Det er halvøyndale, halvkoloniale og utviklingsland. Det er alliansefrie land. Nokon er styrt av regjeringer som er antikomunistiske og ant-folkelege og nokon vert styrt av fascistiske regimer. Vi meiner difor at støtte til inndeling i tre verder og definisjonen av den tredje verda må verta forstått som at dei kommunistiske partia og revolusjonære styrkene held fram og ikkje legg ned klassekampen, i samsvar med dei konkrete tilhova som rår. Samstundes må dei kommunistiske partia og folket i land som vert utsett for imperialistisk aggresjon eine alle krefter i dette landet som kan verta eina og kraftfullt gå mot denne aggresjonen.» (Sitatet er frå helsinga til KKP sin 11.kongress).

NÅR VI VURDERAR EIT PROBLEM, MÅ VI FYRST GRIPE KJERNA.

Etter å ha teke opp nokon av skilnadene og motseiingane mellom landa i den 3. verda, seier leiarartikkelen til »Folkets Dagblad» med namnet »Teorien til formann Mao om å skilja mellom dei tre verdene er eit viktig tilskot til marxismen-leninismen»: »Men sett i heilskap er fleirtalet av desse landa for kamp mot imperialismen og hegemonismen. Det er sjølsagt kampar mellom ulike politiske krefter innafor landa i den tredje verda sjølve. Somme folk er revolusjonære og står fast for gjennomføra den nasjonaldemokratiske revolusjonen. Andre er progressive og midtvegskøyrarar av ymse slag.

Nokre få er reaksjonære og det finst tilogmed somme agentar for imperialismen og sosialimperialismen. Slike ting er uungåelege så lenge det finst klassar, så lenge det finst proletariat, bondestand, småborgarskap, eit mangefarga borgarskap, godseigar- og andre utbytta klassar.

Men denne innflokke stoda verkar ikkje inn på den grunnleggjande kjennsgjeringa at landa i den tredje verda er hovudkrafta i kampen mot imperialismen og hegemonismen. Når vi ser på eit spørsmål må vi først gripe tak i kjerna og hovudsida ved det, og sjå dei objektive resultatane slik dei kjem fram ved ei heilskapsanalyse. Same kva skilnader som finst mellom dei politiske vilkåra i landa i den tredje verda kan det ikkje endra den grunnleggjande motseiinga mellom imperialismen på den eine sida og landa og folket i tredje verda på den andre. Og desse skilnadene kan heller ikkje endra det uimotståelege historiske straumdraget at

land vil ha sjølvstende, nasjonar vil ha frigjering og folket vil ha revolusjon.

Når ein dømmer etter gjerningane deira og den allmenne innrettinga på dei internasjonale politiske kampane i om lag dei siste tretti åra, er dei underkua nasjonane i Asia, Afrika og Latin-Amerika revolusjonære og progressive når det gjeld kjerna og hovudsida deira, og dei er utan tvil hovudkrafta i den verdsemnande striden mot imperialismen og hegemonismen.»

ARBEIDARKLASSEN — DEN LEIANDE KLASSEN.

Kritikarar av teorien om dei tre verdene plar ofte trekke fram proletariatet si leiande rolle — som om den stend i motstrid til at landa i den 3. verda er hovudkrafta i kampen mot imperialismen.

Då Lenin grunnla den raude hæren av arbeidarar og bønder, var fattigbøndene hovudstolpen i hæren — men likevel var sjølsagt arbeidarane dei leiande. Mao sa at bøndene var hovudstyrken i den kinesiske revolusjonen (Se »Den kinesiske revolusjonen og det kinesiske kommunistpartiet, utvalgte verker, bind 2). Men han meinte sjølsagt ikkje anna enn at arbeidarklassen skulle gå i brodden for revolusjonen.

Det er kort sagt ikkje noko motseiing at arbeidarklassen står i leiinga i kvart einskild land og at den 3. verda er hovudkrafta i den internasjonale klassekampen mot imperialismen.

Men når somme seier at arbeidarklassen i dei kapitalistiske landa er hovudkrafta i verdsrevolusjonen i dag er det subjektivismen av kåraste vatn ismen.

— det er lett å sjå at 3. verda lenge har vore revolusjonen sitt stormcenter, og at dei viktigaste slaga mot imperialismen har verte gjennomført der.

LAND VIL HA SJØLSTENDE, NASONAR FRIGJERING OG FOLK REVOLUSJON.

Det er flodbølga frå desse kampane som i dag slår mot imperialismen og supermaktane si utbytting og underkuing av den 3. verda. I denne rørsla stend dei folka som kjempar folkekrig i fyrste rekke — men einskapsfronten av statane i den tredje verda vert og stendig sterkare. Vi ser den i dei Sam-einte Nasjonane, i OPEC, i møte av dei alliansefrie statane osv. Mange regjeringar som underkuar sine egne folk spelar og aktiv og progressiv rolle her.

STUDER TEORIEN OM TRE VERDER!

»Hva MÅ Gjøres» vil i tida frametter bringe mykje stoff om teorien om tre verder.

Det går føre seg ein debatt i den internasjonale kommunistiske rørsle m. a. om denne teorien. Denne debatten er svært viktig for kva line som må nyttast i kampen for frigjering — og mot imperialismen og supermaktene sine planar om verdskrig.

Vi kommunistar får ofte spørsmål som: Kven stør dykk — Kina eller Albania? Svaret er enkelt: AKP(m-l) har eit prinsippprogram frå 2. landsmøte med ei grundig handsaming av dei internasjonale klassekampspørsmåla. DET er vår line. Vi vil oppfordre progressive til å studera dette.

31/10 hadde »Folkets Dagblad» ein artikkel med tittelen: »Teorien til formann Mao om å skilja mellom dei tre verdene er eit viktig tilskott til marxismen-leninismen.» På norsk er heile artikkelen trykt som særbilag til »Klassekampen» og i »Kina i dag» for desember, den vil dessuten bli prenta som hefte på Oktober forlag.

Denne artikkelen er svært grundig og gjer alle forvrengningane av teorien om tre verder til skamme. Vi vil oppfordre folk til å studere denne og. Du får den i Oktoberbokhandel eller på NKS-stand.



Kvinnelege geriljasoldatar i Mosambique under den væpna frigjøringskampen mot den portugisiske kolonialismen. (Foto: Hsinhua)



Soldatar frå frigjøringshæren i Guinea-Bissau under den væpna frigjøringskrigen mot den portugisiske kolonialismen. (Foto: Hsinhua)



HVA MÅ GJØRES

Avisa til Norges Kommunistiske Studentforbund

«EIT AZANIA EIN NASJON EIT FOLK!»

PAC seier at det kampen i Azania verkeleg gjeld, det er frigjering av den underkua azanske nasjonen. Kvifor er dette rett?

Er PAC »rasistiske» når dei hevdar at berre afrikanarane kan leie kampen mot underkuinga i Azania?

Desse er mellom dei spørsmåla denne artikkelen tek opp.

EIN AFRIKANSK NASJON I AZANIA?

Då dei hollandske settlarane trengte seg inn i Azania i 1652 støtte dei på tre folkeslag: Khoikoi (hotentotter), San-folket (buskmenn) og Bantuer.

Den svarte busetnaden i Azania er i dag fyrst og fremst ihopsett av Bantuar, dei to andre er nesten utrydda, berre nokre etterkomarar er att.

Historiske fakta kan berre gje det svaret at det finst ein nasjon av svarte afrikanarar i Azania. Dei rette eigarane av det landet som vert kalla »Sør-Afrika». Denne afrikanske nasjonen er underkua og landet *deira* er okkupert.

ER AZANIA EIN KOLONI?

I 1912 gjorde den britiske imperialismen »Sør-Afrika» til ein koloni under den britiske krona. Det var etterkomarane av dei hollandske settlarane som fekk til oppgåve å passe forretninga. Desse koloniherrane fekk tilmed »indre sjøl-styre».

Samstundes med at britisk, annan europeisk og amerikansk imperialisme henta heim sin ptofitt, bygde og koloniherrane opp egne kapitalistiske mono-

polar, dei ville ikkje berre administrere plyndringa.

Kolonimakta »Sør-Afrika» vart formelt sjølstendig frå britane i 1961. Men tyda det at kolonimakta slutta å eksistere og at Azania ikkje lenger var nokon koloni?

Nei. Azania er framleis ein koloni. Det som skil den frå andre koloniar er det at koloniherrane er busett i det landet dei kolonialiserte.

Men det gjer dem ikkje noko mindre kolonialistiske. Dei held likefullt Azania okkupert. Plyndringa og utbyttinga held fram for full maskin — og den azanske nasjonen er framleis underkua.

KORLEIS GJERE SLUTT PÅ UNDERKUINGA?

Mange er forvirra av dette. Dei trur at avdi koloniherrane og den underkua nasjonen bur i det same landet, så er det berre ein kamp mellom to klassar av same nasjon.

Dei ser ikkje at det som går føre er at den azanske nasjonen (ihopsett av svarte og farga afrikanarar av alle klassar) vert underkua av den Sør-Afrikanske kolonimakta (ihopsett av kvite europearar).

Eit resultat av denne forvirringa er å innskrenke kampen til berre å gjelde apart-

heid-systemet. Men apartheid er berre den særegne måten den nasjonale underkuinga vert sett ut i livet på i det sørlege Afrika. Slaget må rettast mot årsaka til dette rasistiske systemet.

Det einaste som kan gjer slutt på heile denne underkuinga er såleis den nasjonal-demokratiske revolusjonen til det azanske folket — den nasjonale frigjeringa.

KVIFOR BERRE DEI SVARTE I LEINGA FOR KAMPEN?

PAC vert kalla »rasistar» avdi dei meiner berre det afrikanske folket med sitt proletariat i brodden, er i stand til å leie denne revolusjonen.

Kvifor er det rett? Jo — det er ein revolusjon som har til oppgåve å gjer slutt på den koloniale underkuinga av den azan-

ske nasjonen — difor kan den berre leiest av medlemmer av denne nasjonen, folk som har verkeleg interesse av å gjer den fri. Sjølv kvite arbeidarar har inga full interesse av det.

Grunnen til det er den særegne, privilegerte og verna stillinga dei har som lønsarbeidarar. Nokre døme: Dei tener opp til 18 gonger meir enn azanske arbeidarar i gruvedindustrien. Dei har monopol på faglært arbeid og posisjonar i leinga og organiseringa av arbeidet.

Desse privilegiane kan koloniherrane gje dem ut frå den ekstra—profitten dei får frå superutbyttinga av dei svarte arbeidarane. Hovuddelen av dei kvite arbeidarane utgjer eit lag av borgarleggjorde arbeidarar, kjøpt til lojalitet andsynes koloniherrane og kolonimakta. Korleis skal dei ha full interesse av å knuse eit system som gjev dei

ei privilegert stilling? Og korleis skal dei då, slik lina til bresjnevpartiet SACP er, kunne leie kampen mot underkuinga? Nei, det er umogeleg.

LOJALITET TIL AFRIKA — IKKJE KOLONIHERRANE!

Det er ikkje hudfarga PAC ser på i si vurdering. Det er om ein er lojal andsynes Afrika eller kolonimakta. I programmet sitt seier dei: »...alle som set sin einaste lojalitet til Afrika og som er budd på å akseptere det demokratiske styret til ein afrikansk majoritet, han ser vi på som afrikanar.» Dette gjeld og progressive kvite og PAC har sjølv med kvite, m.a. er sendemannen deira i Algerie ein kvit.

PAC si line er sant og visst det motsette av rasisme. Det er ei line for full frigjering!



20 000 fulgte den myrda patrioten Steve Biko til grava. Innfelt: Fra Sharpeville—demonstrasjonen i 1960 der rasistpolitiet drap 69 afrikanarar.

Vi hevder at PAC (Pan Africanist Congress) leier den kampen dei azanske folkemassane mot den terroristiske underkuinga til dei kvite herskarane i landet deira.

Vi vil med nokre døme syne at det verkeleg er slik: PAC står sjølv i leinga for viktige aksjonar, den politiske lina deira har stor innverknad også i meir spontane oppreistar som til dømes i Soweto — og dei har skipa ein folkehær og er klare til å starte opp folkekri-gen.

Den største krise i dette hundreår
Den fyrste politiske aksjonen til PAC var »positive action»-kampanja i 1960 for å fjerne pass-lovene. Den resulterte i den alvorlegaste politiske krisa som har ramma det rasistiske Sør-Afrika i dette hundreåret som direkte resultat av afrikansk politisk aktivitet.

I fleire område sto handel og industri stille i tri veker. Utanlandsk kapital flykta frå landet i »alarmerende» grad.

Det vart erklært unntakstilstand. Både PAC og ANC vart forbode.

Allereie no starta PAC opp or-

ganiseringa for væpna frigjeringsskampa. Dette var sjølsagt berre dei innleiande førebuingene.

Politisk organisering i kvart fengsel

På denne tida blei POQO, ein organisasjon under innverknad av PAC skipa. Den vart gjort ansvarleg for ei rekke angrep på koloniherrane og deira »rådveld» På slutten av seksti-tallet rapporterte den Sør-Afrikanske Politikommissæren til parlamentet at POQO hadde illegal organisering i kvart fengsel i heile landet.

Koloniherrane svarta med det



einaste våpnet dei hadde: rå og usminka terror. I 1963 vart meir enn 10 000 medlemmer og sympatisørar av PAC arresterte. I perioden 1960—1970 blei nærare 200 PAC-aktivistar henretta for politisk verksemd retta mot »styresmaktene».

Desse åtaka frå fienden svekka PAC for ei tid, men dei var snøgt igang att. Allereie i 1970 vart nokre PAC-aktivistar arresterte og fengsla i Oraniefristaten for å organisere og rekruttere folk til militær trening. I desse dagar står tre leiande PAC-medlemmer innfor retten i Sør-Afrika.

Black Consciousness Movement (BCM)

oppsto i organiserte former ved

PAC leier frigjeringskampen!

skipinga av SASO (South African Student Organization) i 1969. Steve Biko, som vart myrda i fengslet i haust, var ein av dei leiande i dette arbeidet. Etter kvart vart fleire andre afrikanske masseorganisasjonar skipa og dei slutta seg til »medvit-rørsla».

PAC støtter fullt ut og jobber aktivt innfor BCM. Dei har den same lina mellom anna når det gjeld *kven* svarte eller kvite, som skal leie frigjeringskampen og kva for middel som må brukast. Det er nett desse spørsmåla som skil PAC og ANC.

Det er denne rørsla som har stått i brodden for oppreistene blant den azanske ungdommen dei seinare åra (Soweto osv.).

Skipinga og styrkinga av BCM og dei ulike masseorganisasjonane i denne rørsla, er eit viktig døme på at det arbeidet dei ille-

gale cellene til PAC gjer, har heva dei politiske røystene til det azanske folket kraftig.

Veteranene frå oppreistane inn i PAC

Hundrevis av veteranane frå dei folkelege, nasjonale oppreistane i Azania i 1976 har gått inn i PAC sine rekker og inn i PAC sin militære organisasjon, Frigjeringshæren til Det Azanske Folket (APLA).

Ein av desse er Trofomo Sono som var formann i Soweto-studentane sitt Representantskap under Soweto-oppreisten i 1976, med and: ein av leiarane for denne.

På spørsmål om kvifor han gjekk med i PAC, seier han: »Eg gjekk inn i PAC avdi PAC fylgjer ei marxist-leninistisk line og avdi PAC slåss for ein total fri-

gjerings av dette landet. Den viktigaste grunnen er at eg ynskjer å delta i væpna kamp og det kan eg ikkje gjer som einskilde person (...). Eg gjekk med avdi PAC ikkje har noko samarbeid med imperialistar eller sosialimperialistar ...» (The Forge, 9/12-77).

Azania!

Eit anna døme på PAC sin politiske og ideologiske innverknad er det namnet dei svarte folkemassane bruker på landet sitt: Azania. Det er PAC som har gått i brodden for denne nemninga som ungdommen i Soweto hadde i si viktigaste parole: »LEVE AZANIA!»

På kista til Steve Biko, som vart følgd til grava av 20 000 patriotar, sto det: »EIT AZANIA, EIN NASJON, EIT FOLK!»

Forbod mot å stemme, eige jord, eige hus, reise utan løyve...

Den koloniale underku-
inga fekk ei sær rasistisk
form i Sør-Afrika.

Afrikanarane vart isolert
i eigne reservat — »ban-
tustans». Seinare vart den
rasistiske underkuinga ut-
kla til det umenneskelege
systemet »apartheid».

RESERVAT MED ARBEIDS- KRAFT

For å sikre seg ein stabil ar-
beidsstokk, samla dei europeiske
koloniherrane den svarte buset-
naden saman i eigne reservat.
Ironisk nok kalla koloniherrane
desse slaveleirane med eiendoms-
lause landarbeidarar, skilt frå
heimstad, stamme og familie, for
»Homelands». «Bantustans» er ei
anna nemning på desse reservata.
Dei utgjorde dei 13 meist
uproduktive produsentane av
dei eige hand.

Det var forbod for dei svarte å
utdanne seg, dei skulle haldes
som uuddanna hjelpearbeidarar.
Dei hadde forbod mot fagorgani-
sering. Det vart innført særskilde
passlover for dei svarte innbyg-
garane, dei skulle haldes på
einskild område. Allerede i 1913
sendte 600 svarte kvinner desse
passa tilbake styresmaktane i
Bloemfontain, som protest mot
rasismen.

I 1913 fekk «Land og Trust»-
selskapet igjennom forbod mot at
nokon svart kunne å eige og kjøpe
land.

APARTHEID

Ikkje eingong var nok. Under-
kuinssystemet måtte utviklast
enno vidare.

Det var det fascistiske «Afri-
kaaner Nationalist Party» som
tok den oppgåva på seg. Dette
partiet støtta nazistane under 2.
verdenskrigen og fleire leiarane,
Vorster inkludert, blei fengsla
under krigen for å ha støtta
nazistane og gått imot britane.

Dette partiet kom til makta i
1948 og gjekk straks igong med å
institusjonalisere den grovt rasist-
iske forma for kolonialisme som
hadde utvikla seg i Sør-Afrika.

NOKRE DØME:

Her er nokre døme på det
fascistiske systemet deira:

— Dei svarte har forbod mot å
stemme, eige land, eige hus, reise
nokon stad utan løyve.

— Dei har forbod mot å
streike, dei har inga fagforein-
ingsrettar.

— Svarte gruvearbeidarar
tener 1/18 av lønna til kvite
gruvearbeidarar.

— Fagjobbar er berre for kvite
arbeidarar.

— Svarte kvinner som blir
gravide blir sparka frå jobben.

— Meir enn 1/4 av alle svarte
born dør i deira fyrste leveår,
berre 1 av 100 kvite born i Sør-
Afrika dør i fyrste leveåret.

— Alle svarte innbyggjarar over
16 år må til einkvar tid ha 10 slag
dokument på seg. Mangel på eit
av korta gjer automatisk
fengsling. Kvart år vert 500.000
azanarar fengsla eller straffa på
annan måte på grunn av desse
passlovene.

— Ein afrikanar har ikkje lov
til å oppholde seg meir enn 72
timar i eit område der han ikkje
bur eller har arbeidsløyve.

— 27 azanarar vart myrda i

fengsel i 1976, til oktober -77 er
21 myrda — i fylgje offisielle rap-
portar. Meir enn 2000 azanarar
vart myrda i den terroren som
fylgde Soweto-oppreisten i juni
1976.

OPPREIST MOT UNDER- KUNGA

Dette brutale kolonisystemet
har vorte møtt av oppreistar frå
fyrste dag. Kaffer-oppreisten i
byrjinga av kolonitida og dei 600
kvinnene i 1913 er døme på det. I
1960 var 250.000 azanarar med i
'Positive Action Campaign',
igongsett av PAC. Under demon-
strasjonen i Sharpeville, som
hadde 25.000 deltakarar, fyrte
politiet laus og drap 69. Det
azanske folket svarte med ein
generalstreik som lamma økono-
mien til Sør-Afrika i tre veker.

I 1972/73 flomma ei veldig
streikebølge over Sør-Afrika,
hundre tusenar av arbeidarar
streika, fleire byar var lamma.

Soweto-oppreisten i juni 1976:
Ti tusener høgskulestudentar
demonstrerte mot innføringa av
afrikaans, det kvite kolonispråket
i Bantu-skulane.

I februar 1977 starta student-
ane ein massiv boikott av skulane
i protest mot koloni- utdanning
og til støtte for kravet om
frigiving av fengsla studentleiar-
ar. Meir enn 300.000 azanarar
deltok og kampen held framleis
på.

25. september 1977 deltok meir
enn 20.000 azanarar i gravferda
til Steve Biko, ein azansk patriot
som vart myrda i eit av fengsla til
Vorster.

I dag står det azanske folket
sin eigen hær klar, APLA
(Azanian People's Liberation
Army) er bygd under leiing av
PAC. Folkekrigen vil setje eit
endeleg punktum for rasismen og
den koloniale og imperialistiske
kuinga av Azania.

VARENE TIL VORSTER - BORT FRÅ VAREHUSA!

Boikott av Sør-Afrikanske varer er eit av dei midla ein må ta
i bruk for å stø den kampen det azanske folket fører mot den
rasistiske kolonimakta.

Den norske regjeringa saboterer sjølsagt den internasjonale
handelsboikotten landa i den 3.verden har sette i gong. Ein kan
framleis kjøpe Sør-Afrikansk druebrennevin på polet. Varene
frå Vorster strøymer inn i varehusa og.

Då gjeld det at varehusa ikkje tør selge slike varer avdi anti-
imperialistar aksjonerer mot dei. I Trondheim og i Oslo har
studentane oppnådd å fjerne desse varene frå hyllene i varehusa
til Samskipnaden. Slikt må gjerast alle plasser - Vorsters varer
skal bort!

SV-LEIINGA VIL KUTTE SAIH SIN PENGELØYVE TIL PAC!

3.verdenkomiteens innsamlingskampanje »100 000 til PAC»
er i ferd med å sprengje alle målsettingar. Den har passert
300 000 kr. og ein halv million er sette som ny målsetting fram
til sommaren. Denne kampanja må trappast opp på lærstadene
også!


Men vi har ei oppgåve til: SAIH (Studentenes og akademikernes
internasjonale hjelpefond) som er leda av folk frå SV og Arbeidar-
partiet, vedtok på eit møte i haust å kutte pengeløyvinga til PAC
for 1978.

Det var SV'arane som var drivkrafta i dette. SV-leiinga talar
ikkje frigjeringsorganisasjonar som er mot begge dei imperialis-
tiske supermaktane.

Nå er det etter kva SAIH-leiarane kan fortelle, meininga å teke
opp på nytt på eit møte i februar om organisasjonen skal halde
fram å stø PAC. For det må vi lage ein brei opinion - og få mange
allmøtevedtak på at SAIH må stø PAC!

SIGER FOR PAC!

Postgiro for 3.verdenkomiteen si innsamling: 2 28 19 70.



Afrikanarane vart isolerte i eigne reservat - »bantustans».



Det azanske folket har teke opp kampen mot kolonimakta.



I dag står det azanske folket sin eigen folkehær klar.

Motseiingane som fødde PAC

—Då ANC-leiinga forlet ANC sin politikk — då var det
dei ideologiske skilnadene mellom dei og oss oppsto,
seier PAC. ANC vedtok eit aksjonsprogram med nas-
jonal frigjering som mål i 1949. PAC sin politikk er
framhaldet og utviklinga av desse prinsippa.

Det var då dette aksjonsprogrammet skulle settjast
ut i livet at det utvikla seg strid mellom leiinga og ung-
domsforbundet i ANC...

Denne artikkelen vil sjå nærare på denne ideologiske
og politiske striden som resulterte i at PAC vart skipa.

REVISJONISTPARTIET

Ungdomsforbundet var sterkt i
mot den innverknaden som »Sør-
Afrikas Kommunistiske Parti»
(SACP) hadde fått i ANC.

Dette partiet var danna av
kvite arbeidarar i 1921 og hadde
frå fyrste dag ei feil line for kam-
pen i Azania. Dei kvite leiarane
i partiet sto steilt imot det kor-
rekte synet til KOMINTERN
frå 1928 om at det svarte,
afrikanske folket måtte mobi-
liserast til partiet for sjøl å stå
i leiinga for den nasjonale frig-
jeringa av landet sitt.

Argumenta til SACP kjenner
vi att: »Det finst ikkje nokon
svart nasjon i Sør-Afrika», »det
ville vere rasisme» osv.

I dag er SACP det fremste
instrumentet til Bresjnev i freist-
naden hans på å vinne Azania
som ein ny-koloni under sosial-
imperialismen.

Sidan 1969 har dette partiet
hatt full kontroll av leiinga i

ANC, det kapra til seg viktige
posisjonar på den uoffisielle
Morogorokonferansen. Forman-
nen i SACP er og formann i den
revolusjonære komiteen til ANC
— den har til oppgåve å leie den
væpna kampen(!).

FRIDOMSBREVET.

Eit av dei klåraste uttrykka
for den reformistiske lina kom i
1955 i det såkalla Fridomsbrev-
et som SACP og ANC-lei-
inga sto bak. Dette »brevet»
erklærte at »Sør-Afrika er eige-
dommen til alle som lever i
det, svarte og kvite.»

Det faktum at dei svarte
sitt land er lagt under koloni-
herredømme til kvite hers-
karar — er trylla bort. I staden
for naudsynet av nasjonal frig-
jeringskrig for afrikanarane,
snakker »brevet» om »fred og
venskap» i Sør-Afrika.

ANC står enno på dei poli-
tiske prinsippa frå »Fridoms-
brevet».

PAC VERT FØDD.

Det var mot desse ideane ung-
dommen i ANC slost i femti-
åra og som resulterte i at PAC
vart skipa i 1959.

PAC gjev dette svaret til
»Fridomsbrevet» i sitt Manifest
frå 1959: »Desse 'leiarane' mein-
er at Sør-Afrika og rikdommane
i det, er eigedommen til alle
som bur i det, dei utanlandske
røvarane og dei innfødde offera.
Dei ser på den framande herren
og hans innfødte slave, den
kvite utbytta og den afrikan-
ske utbytta, den framande
kuaren og den infødde
som likemenn.»

PAC ER FOR EINSKAP.

Leiinga i ANC er dominert av
bresjnev-partiet SACP, og dei
har ei gale line for kampen.
Men tyder det at PAC ser på
ANC som ein roten blokk som
bør isolerast?

PAC meiner at det er naud-
synt å kjempe for å eine
alle som kan vere viljuge til å
slåst mot kolonimakta. Det
gjeld også ANC.

I 1975 vart 8 leiande med-
lemmer i ANC ekskluderte mel-
lom anna avdi dei ynskte samar-
beid med PAC.

PAC held sjølsagt fram med å
kjempe for å skipe einskap i
kampen for å frigjere den under-
kua azanske nasjonen, på same
tid kjempar dei for å spre for-
ståing for kva kampen verke-
leg gjeld.

LÆR AV SOWETO

LÆR AV SOWETO

SOWETO-BRIG

FRAM STORMAR FOLK FRÅ KVART HUS I KVAR GHETTO EIN GNEIST FRÅ EIN JARNHÆL HAR SETT DEI I
BRANN STU-DEMMAR OG ELE-VAR FOR SVARTE SOWETO GJER KAMPEN OM SPRÅKET TIL KAMP FOR SITT
LAND. LÆR AV SOWETO - OG STØ P-A-C! LA KVAR DRØPE AV MOTSTAND BLI SAMLA I EIN STRAUM
SOM SKAL FEIE KVAR IMPERIALIST OG RASIST MED AV TRONEN I VERDSREVOLUSJONEN GJER
TREDJE VERDA I BRODDEN I DAG MOT FIENDEN VÅR SLÅR DEI HARDE SLAG UNGDOM I NOREG, KOM
MED OG SLÅ LAG: LÆR AV SOWETO OG STØ P-A-C! LÆR AV SOWETO OG STØ P-A-C!
STØ P-A-C! LÆR AV SOWETO! STØ P-A-C!

Fram stormar folk frå kvart hus i kvar ghetto.
Ein gneist frå ein jarnhæl har sett dei i brann.
Studentar og elevar frå svarte Soweto
gjer kampen om språket til kamp for sitt land.

(Refr.):

LÆR AV SOWETO - OG STØ PAC.

La kvar dråpe av motstand bli samla i ein straum
som skal feie kvar imperialist og rasist
ned av tronen.

I verdsrevolusjonen

går tredje verda i brodden i dag

Mot fienden vår slår dei harde slag

Ungdom i Noreg, kom med og slå lag:

LÆR AV SOWETO - STØ PAC!

LÆR AV SOWETO - OG STØ PAC!

Sjå på rasistane kvite som laken.

No skjelv dei for ungdom i demonstrasjon.

For ungdom frå gata går med i geriljaen

og fram går Azanias revolusjon.

(Refr.):

LÆR AV SOWETO! STØ PAC!

(Denne sangen vart laga på Raud Front studentleir Trøndelag 1977)

REVOLUSJONÆR STUDENTSANG

Rask marsj. Revolusjonær studentsang.

Ein fjerde mai i Ki-na stu-den-tar gjekk til strid mot
gamal føy-da-lis-me og framant tyr-ra-ni
dei ten-te gneisten til ein brann som spreidde seg i fol-let det
var den før-te si-ger revo-lu-gjon-en vann.

Ein fjerde mai i Kina.

Studentar gjekk til strid

mot gamal føydalisme

og framant tyranni.

Dei tennte gneisten til ein brann

som spreidde seg i folket.

Det var den første siger

revolusjonen vann.

Paris i seksiåtte.

På nytt var gneisten tent

og skapte einskap mellom

arbeidar og student.

Trassig fra gata steig ein song

mot borgardiktaturet.

Dei bygde barrikadar

sto saman enn ein gong.

Mot Sovjets panservogner

står Pallachs namn i eld.

I Polen drap dei Pyas

han visste kva det gjeld.

Og frå SDowetos flammor slo

med gjenskin over verda.

Fascismens svarte tropper

skal aldri meir få ro.

Når borgarskapets krise

gir folket verre kår

sa blir det klårt for fleire

kvar fellesskapet går.

Arbeidarane reiser seg.

Studentar! — vel no side

som kraft i folkehæren

til siger endeleg.

Denne songen vart laga på Rød Fronts studentleir i
sommar. Mange sakner eit vers om studentane i Noreg
som ein slutt på songen. Vi oppmoder lesarane til ,
sende inn forslag på eit femte vers, på den revolusjo-
nære studentsongen.



Debatten om rock har pågått i flere år. Materialisten har nå kommet med et nytt nummer som fører den videre. Det er gledelig og nødvendig, for mange viktige spørsmål står sentralt i debatten, bl.a. disse:

— Er det riktig at rocken som stilart har vært et ideologisk våpen for USA-imperialismen til å undertrykke norsk, folkelig kultur og til å passivisere og sløve ungdommen?

— Har et instrumentalt musikkpsyke en objektiv klassekarakter? Har stilarter innafor kunst og kultur en objektiv klassekarakter, f.eks. rock i musikk, sosialrealismen i litteraturen?

— Hvilken rolle skal rocken spille i vår musikkpolitikk?

— Hva — Hva slags musikkpolitikk skal vi føre blant ungdommen hvor rocken står meget sterkt?

— Skal vi ta utgangspunkt i den norske og folkelige musikktradisjonen når vi skal utvikle den revolusjonære og progressive musikk?

Dette er en debatt som må utvikles videre både i Materialisten og i «Hva må gjøres»!



Hortensgruppa «Frosk»

ROCKENS ROLLE

Alle musikkstykker har et bestemt klasseinnhold

En utbredt ide om musikk og spesielt instrumentalmusikk, er at du ikke kan si noe bestemt om innholdet i musikken, f.eks. at jazz kommer an på hvordan lytteren oppfatter musikken. Dette er et eksempel på teorien om «absolutt musikk» (dvs. uten et bestemt klasseinnhold). Opp mot dette mener Kark i sin artikkel at alle verk er *programmatisk*, dvs. har et bestemt klasseinnhold. All tenkning, også skaping av kunst *kommer* som resultat av kunstnerens sosiale praksis — i klassekampen og i produksjonen. Alle kunstverk vil derfor avspeile kunstnerens tanker, følelser, miljø og intensjoner. Derfor er musikkstykket alltid programmatisk, sjøl om kunstneren sjøl mener det er «rein tonekunst».

Dette er altså ikke et spørsmål om hva komponisten sjøl mener *subjektivt*, eller om tittelen på musikkstykket. Disse spørsmålene har det alltid vært skarp strid om i kulturdebatten. Borgerskapet står i dag på en idealistisk linje om «absolutt kunst», mens deler av borgerskapet i sin revolusjonære periode skrev viktige programmatisk musikkverk.

Her vil en innvendig være: Å bestemme klasseinnholdet i ei Vømmølvise er ikke så vanskelig, men hva med innholdet i et instrumentalt jazzstykke? Det er klart at det å bestemme klasseinnholdet kan være vanskelig, og vi har kommet kort med det. Men det kan aldri være et argument mot at all kultur har et objektivt klasseinnhold!

Er stilarter klasseløse?

Ja, det mener faktisk Gjertrud og Robert (G/R) som har skrevet den ene av artiklene. De hevder at stilart bare er en samling av former og gjør også formen fri for politisk innhold. Resultatet av slik idealisme blir sjølsagt at alle stilarter er brukbare i utviklinga av den progressive musikk.

Kark som står bak den andre artikkelen polemiserer skarpt mot disse synspunktene. Han mener at en stilart har elementer *både* av form (som også har klassetilknutting) og innhold.



Kark viser med mange eksempler at stilarter innafor kunsten har klasseinnhold. Han trekker fram *impresjonismen* innafor malekunsten som eksempel (hvor maleren skulle male det *umiddelbare inntrykket* av verden rundt seg). Impresjonismen er ikke en klasseløs male«teknikk» men uttrykker en bestemt borgerlig ideologi. Den er *idealistisk* fordi den går ut fra at det eneste sanne er de impulsene som sansene gir hver enkelt.

Hvilken klassekarakter har rocken?

R og G sitt syn er at den har sin bakgrunn i amerikansk arbeiderklasse og har sin tilhørighet i arbeiderklassen over hele verden. De mener at bruken av rock i USA's kulturimperialisme ikke betyr at rock har en borgerlig, imperialistisk karakter. Videre at rocken står sterkt i den norske arbeiderklassen, at den kan og bør erobres og bli en *viktig* stilart i den progressive musikk.

Kark oppsummerer sitt syn på rocken i 9 punkter:

1. Rocken er en musikalsk stilart for en familie av stilretninger.

Felles er: bakgrunn, rytme, harmonigang, ensembleform, framføringsstil, ideologi (se senere).

2. Det er en myte at de kommersielle plateselskapene «erobra» rocken fra arbeiderklassen.

3. Rocken har undertrykt blues- og country musikken. Rocken henter elementer fra disse stilarterne, men er likevel en annen stilart.

4. Rocken har aldri vært knytta til noe progressivt ungdomsopprør, hverken på 50- eller 70-tallet.

5. Rocken er, og har alltid vært et angrep på den nasjonale og folkelige kulturen i Norge. Den er en del av USA-imperialismen sin kulturelle aggresjon.

6. Den borgerlige, imperialistiske ideologien er overordna de kommersielle interessene som er knytta til rock.

7. Rocken har aldri vært knytta til den revolusjonære arbeiderbevegelsen, (mens noen av røttene har vært det).

8. De fleste av retningene i rocken fungerer musikalsk som en passiviserende og individualiserende lydskodde.

9. Ideologien er derfor både kulturell aggresjon fra USA og også sløving og passivisering av arbeiderklassen.

Disse 9 synsmåtene burde være et godt utgangspunkt for en skarp diskusjon framover. Sjøl mener jeg at det fortsatt står en del igjen på undersøkelser og dokumentasjon før vi kan si oss fornøyd med den konkrete analysen av rockens forskjellige stilretninger.

Hva slags musikkpolitikk skal vi ha for ungdommen hvor rocken står sterkt?

Betyr Karks syn på rock at den progressive bevegelsen overhodet ikke skal bruke rock i sin musikkpolitikk? Til dette svarer Kark at rocken både *kan* og *bør* brukes, men kritisk. Vi må bruke rock for å nå fram til ungdom som er flaska opp nesten bare på rock. Den progressive bevegelsen bør utvikle rockeband med revolusjonær målsetning. Han mener også at MAI bør gi ut rockeplater (og flere prosjekter er igang). Samtidig skal rocken få en *underordna* stilling i vår musikkpolitikk og ikke en dominerende, slik den har fått i Sverige.

Hva skal vi ta utgangspunkt i for å utvikle den progressive musikk?

R og G mener altså at rocken er proletarmusikk. Videre sier de at folketonen vil være hensiktsmessig å bruke om vi skal bruke musikken til å solidarisere oss med bønder og fiskere.

Opp mot dette setter Kark at det finnes en brei norsk og folkelig tradisjon å ta utgangspunkt i. Han fremhever den norske vise-tradisjonen og den norske rundanstradisjonen som hjørnesteinene i den folkelige musikkulturen. Som eksempler på visetradisjonen og hvordan den kan brukes, trekker han fram Vømmøl, Geirr Lystrup og Nord-Norsk Visegruppe. Videre påpeker han at runddans har vært hovedforma for arbeiderklassens dansetradisjon i Norge.

Samtidig går han mot den nasjonalsjåvinistiske linja som en blant annet finner i Folkemusikkhalvtimen hvor folkemusikken er en rein *museumsgjenstand*. Det er også viktig å lære av andre lands folkelige og progressive musikkultur og jobbe for at den spres i Norge. (Jfr. Chile og Irland.)

Langemann

Anmeldelse av rockeartiklene i MATERIALISTEN



HVA MÅ GJØRES

BOKS 2072, GRUNERLØKKA, OSLO 5

RENTA PÅ STUDIELÅN SKAL NED - IKKE OPP!

Regjeringa har vedteke med full godkjenning frå Stortinget at rentefoten i Statens Lånekasse skal auka med 1% til 7.5%.

Den offisielle målsettinga for studiefinansieringsordninga kan vi skyta ei kvit pil etter. Målsettinga seier mellom anna at den skal bidra til å fjerne den ulikhet i utdanningsmuligheter som skyldes geografiske forhold

eller økonomisk bæreevne» (St.meld.107 for 1976/77.)

Skulle denne målsettinga ha vorte gjennomført, måtte to føresetnader vera oppfyl-

de: At stipendiet er ein stor del av kostnadsnormen (den synker stendig) og at rentefoten ikkje aukar!!!

Det siste no er altså at dei aukar rentefoten. Det er berre 3/4 år sidan sist. På departementshald vert denne gáva til studentane kalla den store januarpakka!

No har den politiske leiinga i Finansdepartementet og KUD nyleg hatt møte. Dei har innstilla på eit alternativ som Lånekassa har utarbeida. (Informasjon frå dep.5.januar.).

Dette alternativet er no vedteke i Statsråd.

KORELIS VERT DEN EIN- SKILDE RAMMA?

1. Innbetalinga skal skje etter annuitetsprinsippet. Altså, at terminbeøpa vert jevna ut, det same beøpet å betala kvart halvår.

Dette er nytt i høve til den tidlegare informasjonen vi har fått. Eit døme: Eit lån på 51.000 tydde etter 6,5% renta at du skulle betale tilbake 2561 kr i terminen. Med 7.5% renta vert det no 2784 kr i terminen. Men dette er dersom betalingstida samla vert uendra.

2. Tilbakebetalingstida vert skrensa inn til maks 20 år. Dette er eit hardt åtak på dei studentane som har låg inntekt som t.d. lærarane. Dei har til no hatt meir enn 20 år å betala tilbake lånet på. No får dei mykje større avdrag i terminen.

3. Det er starta ein diskusjon om renta skal byrja å løpa i studietida. Dette har ikkje departementet tatt stilling til enno. Det vert kan henda bestemt om ca. 6 måneder i eit utval, der det og sit representantar frå studentorganisasjonane.

STUDENTANE SKAL BETALA KRISA

Fyrst går stipendiet ned, så prisane på hyblane opp og semesteravgifta opp, og no tek staten attpå meir i rente på låna.

Dette er Kleppe-pakka til studentane. Det er akkurat dei same angrepa som råker arbeidarklassen i denne krisetida. Og når studentane protesterar mot forverringa og krev betre levekå, får vi høyre at vi tek frå dei trygda eller frå arbeidarklassen. Dette er løgn. Vi må ikkje la staten splitte dei ulike gruppene som vert ramma av krisa frå kvarandre. Vi må ta opp kampen saman.

BERRE RIKFOLK KAN STUDERA

Departementet har brote med tidlegare vedtak om at renta på studielån ikkje skal aukast. Resultatet har vore at det no er så dyrt å starta på eit studium, at snart berre rikfolk kan studera.

Rekrutteringa vert skeivare og skeivare. Rett til utdanning vert berre ein parodi som høyrer heime i nyttår-talar. Utviklinga verker både på den klassemessige, den geografiske og den kjønns-messige rekrutteringa.

DUK EINSTEMMIG MOT RENTEHEVINGA

DUK, dei utdanningssøkandes kontaktutval, er satt saman av dei ulike studentorganisasjonane. Dei har for fyrste gong eit einstemmig vedtak mot at staten hever lånerenta.

Til våren må alle studentane ta opp saka på allmøter, aksjonera mot staten.

EI FØREMØN Å HA STUDIELÅN?

Aftenposten for 3.januar tek til orde for at det løner seg å ta studielån. Dei seier mellom anna at studentane kan trekka renta frå på skatten og at verdien av krona går ned.

For det fyrste: Studielånet er ikkje noko vanleg lån som går til investering. Studielånet skal dekkja alle levekostnadene. Når vi byrjer å jobba, har vi oftast både studiegjeld og vanlege

lån å betala tilbake. Studiegjelda sit du med i 20-30 år. Er det nokon føremøn?

For det andre: Når verdien på krona går ned, då vert og lånet billigare. Men vi har ikkje nokon garanti for at inflasjonen aukar. Regjeringa kan skifta politikk i krisetider.

I 20-åra auka regjeringa verdien av krona. Då vart gjelda til folk beinhard, og sær mange bønder gjekk konkurs. Inga lån vart ettergitt. Regjeringa vil til alle tider fyrst taka omsyn til det som held profitten størst.

For det tredje: Studentane får mindre og mindre for låna sine. Prisane stig på hyblar, kantiner, bøker. Samstundes aukar arbeidslosa for akademikarar. Med ein dårleg betalt jobb, vert avdrag beinhard.

Konklusjon: Det er berre vår når Aftenposten og Staten freistar å innbilla oss at det lønar seg å ta studielån. Det er tvert om staten som tener på oss når dei stendig aukar renta og prisane.

Pressemelding fra Landslaget for Norske lærerstudenter:


PRESSEMELDING

Regjeringa har foreslått at renta på studielån fra Statens lånekasse skal gå opp med 1%, til 7½%. LNL har tidligere krevd at renta skal ned til 5¼%. På tross av dette heves lånerenta.

Det er allmenn enighet om at alle skal ha lik rett til utdanning og at geografiske og økonomiske forhold ikke skal hindre folk i å utdanne seg. I 1959 var rentefoten 4,25 % p.a., nå blir det foreslått at den skal være på 7,5 % p.a. Tilbakebetalingstida har også økt de siste årene. Idag er tilbakebetalingstida 28 år. Øk-

ingen av rentefoten og tilbakebetalingstida har ført til at gjelda blir uforholdsmessig stor og at en del studenter idag er redde for å ta studielån. Det er også mange studenter som idag er nødt til å jobbe ved siden av studiene for å greie seg.

Vi vil på det sterkeste protestere mot denne rentehevinga, som ytterligere vil forverre studentenes økonomiske situasjon under og etter utdanninga. Vi må skille klart mellom lån til utdanning og investeringer. Ved den foreslåtte renteheving fortsetter departementet uthullinga av alles rett til utdanning.



LES OM REVOLUSJONER STUDENT-POLITIKK I «MATERIALISTEN»

«Materialisten», teoretisk tidsskrift for AKP(m-l) kom ut med nummer rett før jul. Det har med en omarbeida utgave av den viktige sommerleirinnleinga om revolusjonær studentpolitikk. Denne utgaven er bl.a. mye grundigere på klasseanalyse av studentene.

Alle NKS'ere og andre som er interessert i utviklinga av den revolusjonære studentpolitikken, må skaffe seg dette nummeret av «Materialisten».

Oslo: SEMESTERAVGIFTA NÅ 140 KR!

I Oslo er det no lagt fram eit sjokkbudsjett som møtar studentane til våren. Det er DNA-pampane i hovedstyret i Samskipnaden som har kome med denne julegáva. Framlegget er så sjokkerande at berre DNA sjøl har støtta det. Grønt Gras og DKSF var fyrst ikkje sikre, men på møtet i Studenttinget stemte dei for dei og.

Sjå berre på desse tala: Semesteravgifta skal opp i 140 kroner. Prisane på kantinen skal gå opp 12 %. Husleiene på studentbyene skal opp 11 %!

Direkte grotesk er framlegget om å «regulere semesteravgifta med 25 kr. «Dette vil seie at semesteravgifta no skal brukast til å dekke underskotet på kantinene. Alle studentar vert no

tvunga til å subsidiere Samskipnaden.

Staten skal ha ansvaret for studentane si velferd:

Det er berre ei løysing på den permanente krisa i Samskipnaden. Staten må tvingast til å ta ansvaret for studentane si velferd. Staten må stø studentane økonomisk.

Nr 1/1977 5.årgang
materialisten 8

TIDSSKRIFT FOR TEORETISK KAMP

UTGITT AV AKP(m-l) PÅ UNIVERSITETET I OSLO

FRAM FOR EN REVOLUSJONÆR STUDENTPOLITIKK



TO LINJER I MUSIKKDEBATTEN



HVA MÅ GJØRES

HVA MÅ GJØRES» er avisa til Norges Kommunistiske Studentforbund.

Utkommer med 7 nummer pr. år. Abonnementspris kr. 20,- pr. år.

Adresse:
Boks 2072, Grünerløkka, OSLO5
Postgiro 2.23.26.43.

Ansvarleg: Jørn Magdahl.

Navn:

Adresse:

Postnr. og sted:

Abonner nå!